



# VINJE KOMMUNE

Tenestetorget

## Melding om vedtak

Renate Kittelsen  
Skogbrynet 39B

0283-OSLO

**Delegert sak nr. 15/335**

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
<b>KJELLNE</b>	<b>2015/3106</b>	<b>19784/2015</b>	<b>158/93</b>	<b>03.11.2015</b>

### **158/92 - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - tilbygg Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 20-4.**

TILTAK: Påbygg  
TILTAKETS ADRESSE: Erlandsgard 43, 3864 Rauland  
EIGEDOM: Gnr 158 bnr 93 i Vinje  
MELDER: Renate Kittelsen  
TILTAKSHAVAR: Renate Kittelsen  
BRA (NS 3940): 2 etg 82,5m<sup>2</sup>  
BYA (NS 3940): Ikkje endra, totalt 97,5m<sup>2</sup>

#### **VEDTAK**

**Søknaden vert godkjent.**

**Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.**

### **Referanse:**

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident kommuneplanens arealdel. Tidligere byggesak, saksmappenr. (jnr.) 2010/1669.

### **Grunnlag for handsaminga:**

Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-4 registrert 23.10.2015. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 23.10.2015, jf. saksmappenr. (jnr.) 2015/3106- med vedlegg.

Naboar er varsla 09.10.2015.

Det har kome inn merknad frå Taran Mørk Skjelstad i brev datert 21.10.2015.

*Dei innkomne merknadane er vurdert. Tiltaket er tilfredsstillande i samsvar med føresegnene gjeve etter reguleringsplan for området. Dei merknadene som er framsett synest å vera ivaretekne i reguleringsplanen. Naboen med merknad ligg 200 meter frå tiltaket. Merknadane vert såleis ikkje teke til fylgje i byggesaka.*

### **Tiltak:**

Tiltaket gjeld påbygg til fritidsbustad. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg. Særskilt fylgjeskriv datert 23.10.2015, vedlegg nr. 1.

*Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter PBL § 21-2 ser ut til å vera tilfredsstillande.*

### **Ansvar i samband med tiltaket:**

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

### **Vilkår:**

Før tiltaket vert teke i bruk må ein søke om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf. PBL § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i PBL og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10).

Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt, også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.

Taktekking skal være jf vedtak saks nr 2010/1669, tretak.

Dersom hytta står på pålar må det setjast opp gjerde mellom desse, slik at ikkje sau og liknande dyr kjem under hytta.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 10 i kapittel 9 og i Avfallsforskrifta.

Det må brukast godkjent biologisk løysing til doen.

Det må ikkje bli lagt inn vatn i hytta.

Utslagsvask kan bli montert i hytta. Avløpet må ein føre til ein synkefum med grøft.

**Handsamingsgebyr:**

Løyve til tiltak – BYA større eller mindre enn 80 m<sup>2</sup> 4.800,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA =82,5 m<sup>2</sup>/            m<sup>2</sup>

*Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2015)for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato.*

*Krav om handsamingsgebyr på kr 4.800,- blir ettersendt.*

**Konklusjon:**

Vilkåra etter PBL § 20-4 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vera i orden, slik at ein kan gje løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i Plan- og bygningslova. Klaga skal ein sende til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden  
Byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Taran Mørk Skjelstad    Kølbrenna 140    2388    BRUMUNDDAL